



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

Merknader til søknad frå Lerøy Vest as om arealendring på lokaliteten 11649 Stolane i Radøy kommune

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest AS datert 29.04.2019 og oversendt frå Hordaland Fylkeskommune den 03.05.2019. Lerøy Vest AS søker om arealendring på lokaliteten Stolane i Radøy kommune. Utskifting av eldre stålanlegg til nytt plastringanlegg vil krevje større areal. Anlegget blir liggjande innanfor areal som er sett av til akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Radøy kommune.

På dei to siste åra har maksimal biomasse vore lågare enn 1200 tonn og 1500 tonn. MOM C granskinga i 2019 tyder på at anleggssone er belasta. Overgang til plastringanlegg med større areal vil framleis føre til same påverknad på anleggssona. Radfjorden er eit sund og det er ikkje problem med oksygenvinn i resipienten. Miljøgranskingane på lokaliteten syner at lokaliteten har avgrensa produksjonskapasitet, og at det difor vil vere fornuftig å ikkje auke produksjonen på lokaliteten.

Fylkesmannen har ikkje merknad til utskifting av anlegg frå kompakt stålanlegg til meir arealkrevjande plastringanlegg med auke i arealbruk så lenge dette skjer innanfor areal som er sett av til akvakultur i arealdelen av kommuneplanen. Vi har merknad knytt til vår handsaming av koparforureininga i Radfjorden. Det er sendt eige vedtak i saka til Lerøy Vest AS med kopi til Hordaland Fylkeskommune, der det er vedlagt nytt utsleppsløyve for lokaliteten Stolane.

Med helsing

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

LERØY VEST AS	Skipavika 54	5397	BEKKJARVIK
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL